

Modalen kommune
Mo
5729 Modalen

Trondheim, 07.05.2023

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2023/4440

Sakshandsamar:
Erik Lund

Dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 18 – løyve til kvotefri jakt på hjortekalv i Modalen kommune jaktseasonen 2023/2024

Miljødirektoratet dispenserer frå føresegnene i hjorteviltforskrifta § 18, og tillèt at Modalen kommune tildeler kvotefri jakt på kalv av hjort i jaktseasonen 2023/2024.

Vi viser til søknad frå Modalen kommune om høve til å tildele fri kvote på kalv av hjort på grunn av arealbrukskonfliktar, jf. søknad datert 3. mai 2023.

Vedtak

Miljødirektoratet dispenserer frå [forskrift om forvaltning av hjortevilt \(hjorteviltforskrifta\) § 18](#), og gir Modalen kommune høve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv til godkjende vald i 2023/2024, jf. § 37 i same forskrift. Kommunen vedtar kva vald som skal tildelast kvotefri jakt på hjortekalv. Kommunen skal informere valda om krav til rapportering i tråd med dette vedtaket.

Bakgrunn for saka

Det er store hjortebestandar i delar av landet, og i enkelte område skaper dette store interesse- og arealbrukskonfliktar. Dette gjeld særleg blant aktivt næringsdrivande i landbruket langs kysten. For å avgrense konflikten, legg Miljødirektoratet til rette for kvotefri jakt på hjortekalv også i jaktåret 2023/2024. Direktoratet har i brev av 12. april 2023 gitt nærare informasjon om høvet kommunane har til å søkje på kvotefri jakt på hjortekalv inneverande jaktseason.

Miljødirektoratets vurderingar

Det er relativt liten jegerseleksjon når kalvar felles under jakt, og vi kan derfor anta ei jamn fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket. Eit stort kalveuttak vil derfor ikkje ha særleg påverknad på kjønnsamansetning i bestanden etter jakt. Dersom mykje kalv blir tatt ut framfor eldre dyr, kan dette bidra til ein høgare gjennomsnittsalder, noko som ofte er rekna som fordelaktig i bestandssamanheng. Vi legg likevel til at i ein situasjon der målet er bestandsreduksjon, må kalveuttaket komme som eit tillegg til den målretta avskytinga av eldre alderskategoriar som skal bidra til bestandsreduksjon.

Eit løyve til kvotefri jakt på hjortekalv gjeld i utgangspunktet innanfor grensene til den kommunen som søkjar. For vald med areal i fleire kommunar, betyr dette at dei kommunane det gjeld, må avklare seg imellom om kvotefri jakt på hjortekalv skal gjelde i heile det grenseoverskridande valdet eller ikkje.

Tildeling og rapportering

Kommunen

Tildeling av kvotefri jakt på hjortekalv kjem i tillegg til det normale fellingsløyvet, men skal likevel så langt mogleg tildelast samtidig med ordinær kvotetildeling 15. juni. Kommunen må sjølv gi ut løyve til kvotefri jakt på hjortekalv og informere valda som får tildelt dette innan jaktstart 1. september.

Kommunen registrerer fellingsrapport i Hjorteviltregisteret, og rapporterer fellingsresultat til SSB på vanleg måte, inkludert talet på kalvar felt igjennom kvotefri jakt. Sjølve tildelinga av kvotefri jakt på hjortekalv vil ikkje vere mogleg å rapportere til SSB.

Jaktleiar og jeger/jaktrettshavar

Jaktleiar, ev. jeger/jaktrettshavar er ansvarleg for at alle felte kalvar, uavhengig av kvote eller ikkje, blir rapporterte i Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt. Ved spørsmål om registrering, kontakt Naturdata på support@naturdata.no eller telefon 74 33 53 10.

Valdsansvarleg

Innsending av fellingsrapport er valdsansvarleg sitt ansvar. Rapportering blir gjort samla for heile jakta, det vil seie at alle kalvar felt, uavhengig av tildelingsmåte, skal rapporterast til kommunen på fastsett fellingsrapport eller elektronisk i Hjorteviltregisteret, www.hjorteviltregisteret.no.

Bestandsplanar

Vald og bestandsplanområde med godkjend bestandsplan har normalt høve til å overføre fellingsløyve mellom år i planperioden. Kommunen skal årleg vurdere uttak av dei spesifikke kjønns- og alderskategoriane. Ved løyve til fri kalveavskyting, må kommunen ved evaluering av årets felling sjå bort frå andel kalvar i evalueringa, og samtidig informere valdet eller bestandsplanområdet om korleis ei ev. overføring av fellingsløyve skal gjennomførast.

Grunneigars rettar

Felling av hjortekalv krev at valdet får løyve til kvotefri jakt på hjortekalv frå kommunen i samsvar med dispensasjonen gitt av Miljødirektoratet. Retten til å felle eit fritt tal hjortekalv gjeld då alle jaktrettshavarar i valdet. Kvar enkelt grunneigar må likevel også samtykkje til at kvotefri jakt på hjortekalv i samsvar med dispensasjonen, kan utøvast på eigedommen sin. For sameige gjeld vanlege reglar etter sameigeloven.

Les meir om ordninga på [hjorteviltportalen](http://hjorteviltportalen.no).

Klagerett

De kan klage på vedtaket. Fristen for å klage er tre veker frå de har fått dette brevet. Klaga blir send til Miljødirektoratet.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Knut Morten Vangen
seksjonsleder

Erik Lund
seniorrådgiver